

Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 20/2280
ArkivID: PLANID-202007,
PLANNAVN-
Reguleringsplan
for Liahaugstølen,
PLANTYPE-35,
K2-L12, GBNR-
5/99
Saksbehandlar: Tone Snorheim

Saksnr.	Utval	Møtedato
21/26	Formannskapet	23.04.2026
26/26	Kommunestyret	07.05.2026

Detaljregulering for Liahaugstølen - planid 202007 - Slutthandsaming

Vedlegg:

16.04.2026	Føresegner - 202007 Liahaugstølen	308955
16.04.2026	Planbeskrivelse - 202007 Liahaugstølen	308956
14.04.2026	Plankart - 202007 Liahaugstølen	308958
14.04.2026	ROS - 202007 Liahaugstølen	308959
14.04.2026	Overvannsrapport - 202007 Liahaugstølen	308960
14.04.2026	Supplerende flom- og overvannsberegninger - Liahaugstølen	308957
14.04.2026	Helningskart - 202007 Liahaugstølen	308961
14.04.2026	Sol-skyggeanalyse - 202007 Liahaugstølen	308962
14.04.2026	Illustrasjonskart grøntstruktur - 202007 Liahaugstølen	308963
14.04.2026	Overordna VA-plan - 202007 Liahaugstølen	308964
14.04.2026	Vegplan-tegninger - 202007 Liahaugstølen	308965
14.04.2026	Biofokus rapport - 202007 Liahaugstølen	308966
14.04.2026	Innspel frå NVE	308983
14.04.2026	Innspel frå Statsforvaltaren i Innlandet	308967
14.04.2026	Innspel frå Innlandet fylkeskommune	308968
14.04.2026	Innspel frå Mattilsynet	308977
14.04.2026	Innspel frå Statens Vegvesen	308982
14.04.2026	Innspel frå stølseigarar, fastbuande, deltidsinnbyggjarar, Beitostølen hytteforening, Ole og Hedalen vel m.fl	308970
14.04.2026	Innspel frå Fjellgrensenettverket i Valdres	308971
14.04.2026	Innspel frå Trond A Lie	308972
14.04.2026	Innspel frå Heltidsinnbyggere og Deltidsinnbyggere i Stølsle Bustadfelt Beitostølen	308973
14.04.2026	Innspel frå Elisabeth Eggesbø	308974
14.04.2026	Innspel frå Elisabeth Eggesbø - vedlegg	308975
14.04.2026	Innspel frå fam. Håkenstad Evertsen	308976
14.04.2026	Innspel frå CML-Kluge på vegne av Øvre Lien Vel	308978
14.04.2026	Innspel frå CML-Kluge: supplerande merknadar	308979
14.04.2026	Innspel frå CML-Kluge: Tidlegare klage på detaljreguleringsplan for Liahaugstølen	308980
14.04.2026	Innspel frå CML-kluge: Tidlegare merknadar	308981

Innstilling frå Formannskapet - 23.04.2026 - 21/26

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildring dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Tilråding

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildring dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Bakgrunn for saka

Statsforvaltaren oppheva kommunen sitt vedtak av detaljregulering Liahaugstølen (20/24) 11.12.2024. Etter opphevinga har det vorte gjennomført naturkartlegging av planområdet. Planen har så vore på ny høyring (39/25), og saka er vurdert på nytt. Det kom i alt 11 innspel i høyringa. Vurdering av innspela følgjer i saksframlegget. Alle vesentlege dokument er vedlagt saka.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vert saka lagt fram for kommunestyret for vedtak.

Saksopplysningar**Tidlegare handsaming:**

Planprogrammet for reguleringsplanen vart vedteke 30.09.2021. Planen vart lagt ut på høyring fyrste gong i april 2023. Reguleringsplanen var til sluttbehandling i kommunestyret 25.04.2024 (20/24). Vedtaket vart påklaga, og det kom i alt 15 klager. Klagehandsaminga vart gjennomført hausten 2024, og saka vart så sendt til Statsforvaltaren Innlandet for endeleg avgjerd. Statsforvaltaren oppheva kommunestyret sitt planvedtak i brev av 11.12.2024. Grunngevinga for opphevinga var at saka ikkje var tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17 og naturmangfaldlova § 7. Planvedtaket var heller ikkje tilstrekkeleg grunngeve. Slutningsgrunnlaget var ufullstendig og vurdering i forhold til råka partar var ikkje tilstrekkeleg.

Etter opphevingsvedtaket er planområdet naturkartlagt, og saka er vurdert på nytt. Saka vert no fremma, etter oppdatering av plandokument og nytt kunnskapsgrunnlag, til kommunestyret for ny handsaming.

Formål med planen:

Planen har som hovudmål å leggje til rette for utvikling av nye fritidsbustader i eit område som i dag ikkje er utbygd, aust for Stølsli, og moderat fortetting i eksisterande hytteområde vest for Markavegen (med auka BYA). Planforslaget opnar for deling av tomter, med minste tomtestorleik på 650 m². Det skal verte sikra god tilkomst til både nye og eksisterande bustader. Vidare skal delar av den eksisterande løypa frå Kiwi Beitostølen til Raud 1 verte lagt om, for å gi betre stigningsforhold, slik at den vert betre tilpassa fleire brukargrupper.

Det er planlagd for offentleg vatn og avlaup, med tilknytning til Beito Reinseanlegg.

Forhold til overordna plan:

Området er sett av til framtidig fritidsbusetnad i kommunedelplanen for Beitostølsområdet, noko som er vidareført i utkast til revidert arealdel av kommuneplanen. Kommunedirektøren syner til at reguleringsplanen for Liahaugstølen i stor grad er i tråd med overordna plan. Omfordeling av grøntområde og byggeområde og auka utnyttingsgrad har utløyst krav om konsekvensutgreiing.

Plandokumenta:

Plankartet og føresegnene er juridisk bindande. Planomtalen skildrar bakgrunn, føremål og innhald i planen. Avgjerslegrunnlag og underliggende dokument i saka er:

- Planomtale med konsekvensutgreiingar og ROS
- Planføresegner
- Plankart
- VA-plan
- Resultat frå naturkartlegging, «Naturfaglig vurdering i forbindelse med planarbeid ved Liahaugstølen, Øystre Slidre».
- Rapport 12700 «Flomfarevurdering og overvannsberegning for utbyggingsområde Liahaugstølen».
- Notat «Supplerende flom- og overvannsberegninger – Liahaugstølen»

Alle journalførte dokument er å finne på postlista til kommunen: [Arkivsak 2020/2280](#). I tillegg er alle innspel og merknader, og vurdering av desse ein del av avgjerslegrunnlaget for kommunestyret.

Naturkartlegging:

Førre planbehandling vart gjort basert på NiN-kartlegging gjennomført i 2021 (Rambøll Norge AS), som synte til at planområdet bestod av slåttemyr med svært låg kvalitet. Slåttemyra var av slik kvalitet at den ikkje var klassifisert som utvald naturtype. Statsforvaltaren oppheva reguleringsplanvedtaket basert på manglande kunnskapsgrunnlag og manglande vurderingar av naturgrunnlaget, og stadfesta at NiN-kartlegging ikkje er godt nok grunnlag for regulering av området.

I mai 2025 vart det gjennomført ny kartlegging av planområdet. Kartlegginga identifiserte den raudlista naturtypen «Boreal hei» med status VU (sårbar) innanfor planområdet (Rapport, s. 19, figur 7), i tillegg til to intermediært rike myrer, der det i ei av myrene er gjort funn av skrukkemose (NT). I den eldste bjørkeskogen i området er det gjort funn av gryntjafs (NT), og at floraen her er generelt rikare enn den yngre skogen i området. Elles er det gjort funn av blant anna mogop (NT), granmeis (VU) og grønfinnk (VU). I den nye kartlegginga er det ikkje gjort funn av noko som kan klassifisere som «Slåttemyr» innanfor planområdet. Rapporten seier mellom anna at *«Området er tidligere registrert som en del av stor slåttemyr, men det er lite myr innenfor prosjektområdet, og de små flekkene som finnes har kun vært ekstensivt beitet og vurderes nå som intermediær jordvannsmyr. Ekstensiv skjøtsel i form av fjerning av einer og tresjikt vil forbedre områdets funksjon for semi-naturlig mangfold»*

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at utbygginga vil ha ein middels til stor konsekvens for naturmangfaldet, på grunn av arealbeslag, fragmentering og indirekte verknad på attverande natur. Rapporten føreslår nokon avbøtande tiltak i form av sikring av grønne lommer og opphavleg vegetasjon, sparing av eldre tre og krav om marksikringsplan. Vi syner til vedlagt rapport.

Kommunedirektøren legg ny kartlegging til grunn i handsaminga av planen.

Endringar i planen sidan førre planbehandling

Etter funn i naturkartlegginga, er det lagt til følgjande rekkefølgjekrav i planføresegnene:

1.11.3 Marksikringsplan

Før det vert gitt igangsetjingsløyve innanfor FBK1-3 skal ein marksikringsplan vere godkjend

av kommunen. Planen skal leggje til rette for at eksisterande natur i området ikkje vert unødige råka av tiltaka

Plankartet er oppdatert med omsynssone – bevaring naturmiljø (H560) for dei to områda som i rapporten frå Biofokus er omtala som grunne intermediære rike myrer. For omsynssonene er følgjande lagt til i føresegn:

5.2 Omsynssone – bevaring naturmiljø (H560)

Det er ikkje tillate med tiltak som graving eller anna byggetiltak i omsynssone bevaring.

Kommunedirektøren syner elles til punkt 5.10.1 (Naturmangfold) i vedlagt planskildring og plandokumenta i sin heilheit.

Vurdering av plandokumenta

Naturmangfald:


Tiltaket skal, i samsvar med naturmangfaldlova § 7, verte vurdert opp mot naturmangfaldslova §§ 8-12. Kommunedirektøren syner til planomtalens punkt 5.10.1 og meiner dette er gjort på ein tilfredsstillande måte. Basert på dei nye funna etter naturkartlegging, og dei sikringssonene som planen no legg opp til, meiner kommunedirektøren at planen kan verte realisert innan forsvarlege rammer, då naturverdiane vert tilfredsstillande sikra sikringssoner, krav om marksikring og skånsam anleggsdrift og at myr ikkje vert bygd ned. Desse grepa følgjer opp funna frå naturkartlegginga. Vi viser elles til vurderingar gjort i vurderingar av innspel under «Naturmangfald og klima».

Friluftsliv, stiar og løyper:

Skiløypa som har gått gjennom planområdet følgjer grønt-traséen mellom noverande fritidsbustader og FKB1-3 (Figur 1). Dette er ei svært bratt løype, som har ein maksimal stigning på mellom 22 og 24 %, og ein gjennomsnittleg stigning på 11,3 %.

I reguleringsplanen er det rekkefølgekrav om at skiløypa som går gjennom planområdet skal bli lagt om til å gå utanfor planområdet. Omlegginga treng godkjenning av kommunen.

Kommunen har som målsetjing å verte det best tilrettelagte reisemålet i Noreg, uansett funksjonsnivå. Det betyr at vi treng turtraséar som er universelt utforma, der stigningsgrad på stiar og løype er eit avgjerande moment. Omlegginga av løypa, som er føreslått i samband med denne reguleringsplanen følgjer opp denne målsetjinga, og dei føringane som er lagt til grunn i framlegg til ny arealdel til kommuneplanen.



Figur 1. Skiløype, vist med lysebrun strek, gjennom planområdet fram til Raud 1

I reguleringsplanen er det også lagt inn ei tilførselsløype frå sentrum til Raud 1, som skal krysse Øvrevegen (Figur 2).



Figur 2. Område sett av for tilførselsløype frå sentrum med kryssing av Øvrevegen.

Utbyggingsområdet omfattar totalt 25,4 daa, kor 19,2 daa er avsett til fritidsbustad og 6,2 daa avsett til friområde i overordna plan. Areala er i reguleringsplanen fordelt på ein annan måte mellom fritidsbustad og friområde, men den samla storleiken er uendra.

Omfordelinga er grunngeve med at arronderinga til H1 i kommunedelplanen vanskeleggjer ei rasjonell utnytting av området. Ein omfordeling bidreg til å sikre gode tilkomstmoglegheiter til og i utbyggingsområdet, då Jomstølsvegen og Lokkarstigen kan verte nytta som tilkomstveg. Vi syner til pkt. 4.2 i planomtalen.

Friområdet i gjeldande plan (FA11) vert regulert til utbyggingsføre mål. Reguleringsplanen legg til rette for friområde mellom FBK1-3, som kan bli nytta til leikeområde, akebakke mv. Små born vil som regel nytte seg av fri- og leikeområde nær fritidsbustaden. At plasseringa

er trygg i forhold til avstand frå trafikkert bilveg er vesentleg. Slike område er det sett av areal til i planen, og i tilgrensande område.

Frå born byrjar i skulen er det i større grad aktivitetsområde med tilrettelegging som gir bruksverdi, til dømes sykkelløyper og område for skileik. Det er tilgang på slike areal i Beitostølen-området, både med regulerte sykkelløyper, alpinbakkar og eit godt utvikla skiløypenett. Reguleringsplanen sikrar god tilkomst frå planområdet til framtidig skiløypetraséen/fleirbruks-traséen mot fjellet og Raud 1. Kommunedirektøren meiner at planforslaget inneheld areal for eit tilstrekkeleg og funksjonelt aktivitetstilbod for born og unge, sjølv om FA11 i kommunedelplanen vert omdisponert.

Trafikk:

Trafikkbelastninga frå krysset ved Fv.51 og inn i planområdet får ein anslått auke på 121 turar i ferieveke. I planforslaget er det lagt opp til to tilkomstegar, Jomstølsvegen og Lokkarstigen. Dette er den løysinga som er vurdert til å vere den beste løysinga. Med dei trafikksikringstiltaka som er lagt inn i planomtalen meiner kommunedirektøren at trafikksikkerheita vert varetaken. Det vert lagd vekt på at gåande og syklande skal kunne nytte andre trasear for å kome seg til sentrum, m.a. planlagt fleirbrukstrasé/sentrumsløype. Kommunedirektøren understrekar at vegbreidda skal verte utvida frå dagens 3,0-3,5 meter til 4,0 meter køyrebreidde, i tråd med «øvrig lokalveg, L2» i statens vegvesens handbok N100. Kommunedirektøren syner elles til planomtalen punkt 5.5.

Vatn og avløp:

Området skal bli koplta til offentleg vatn og avløp. I samband med revideringa av arealdelen til kommuneplanen er det gjennomført resipientundersøking av Øyangen. Rapporten viser at det er mogleg å knyte inntil 971 nye fritidsbueiningar til Beito reinseanlegg, inkludert ein tryggleiks faktor på 20 %, utan at innsjøen endrar tilstandsklasse. Fosfor er den avgrensande faktoren. Øvrig vassførekomst, som Slidrefjorden og Storåni, vil ikkje bli påverka i nemneverdig grad av ei slik utbygging.

Øyangen er ein stor, kalkfattig og klar innsjø, og er klassifisert som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) på grunn av oppdemming og kraftproduksjon. Sjølv om innsjøen er modifisert, viser overvaking dei siste åra at vassførekomsten har god miljøtilstand. Miljømåla i vassforskrifta gjeld også for modifiserte vassførekomst.

Norconsult si vurdering dokumenterer at restkapasiteten for fosfor er låg, men har ei toleevna for 971 nye fritidsbueiningar. Kommunen har gjennom eiga kartlegging identifisert at det finst 661 regulerte, men ikkje utbygde fritidsbueiningar i nedbørsfeltet. Planforslaget gir moglegheit for 60 nye fritidsbueiningar på Liahaugstølen. Samla belastning held seg framleis godt under grensa for auke tilførsel av fosfor til resipienten. Med dette som utgangspunkt ligg planforslaget innanfor ein fagleg forsvarleg belastning av resipienten utan risiko for forringing i Øyangen.

Beito reinseanlegg har i dag eit krav om 92 % fjerning av fosfor og ein maksimal fosforkonsentrasjon på 0,3 mg/l i utsleppet. Anlegget overheld ikkje reinsekrava i alle enkeltprøver, men oppnår likevel svært god reinsegrad. I 2024 var middelverdien for fosforfjerning 97,3 %. SWECO har vurdert tiltak for kapasitetsauke slik at anlegget kan møte skjerpa reinsekrav (≥ 95 % P-fjerning og $\leq 0,3$ mg/l) ved full utnytting av resipientkapasiteten. Tentativ framdrift viser at ei slik oppgradering kan vere gjennomført i fyrste halvdel av 2027.

Sidan den samla belastninga frå 661 eksisterande regulerte einingar og 60 nye einingar ligg innafor resipienten si toleevne for fosfor, vurderer kommunedirektøren planforslaget som foreinleg med vassforskrifta. Tiltaket medfører ikkje risiko for forringing av miljøtilstanden, og vurderingsplikt etter vassforskrifta § 12 vert ikkje utløyst. Det er heller ikkje krav om å dokumentere null netto tilførsel av fosfor, så lenge Beito RA held seg innanfor gjeldande løyve og føresette oppgraderingar vert gjennomført.

På bakgrunn av dette kan planarbeidet verte vidareført innanfor gjeldande rammer for vassmiljø, avløpshandtering og samla belastning i nedbørsfeltet til Øyangen.

Landbruk:

Planområdet ligg på Beitostølen-sida av dagens sperregjerde. Sperregjerdet skil busetnaden på Beitostølen frå beite- og stølsområda rundt. Ei utbygginga av Liahaugstølen vil kunne gje auka ferdsel i beite- og stølsområda som følgje av auke i fritidseiningar nært opp mot stølsområde. Det er i konsekvensutgreiinga vurdert at tiltaket har ein ubetydeleg konsekvens for beiting og støling etter gjennomføring av avbøtande tiltak (punkt 5.3). Hedalsstølane er det stølsområdet i kommunen kor det er mest mjølkeproduksjon sommarstid, og det er sentralt at dette området framleis skal verte prioritert som beiteområde. Kommunen vil, som oppfølging av beitebruksplanen for Hedalstølsområdet, sikre at det ikkje vert etablert traséar som går inn i omsynssona for landbruk. Arealdelen til kommuneplanen vil sikre at det ikkje kan bli etablert traséar som legg til rette for menneskeleg ferdsel innanfor omsynssone landbruk. Det skal verte etablert ein fleirbrukstrasé i retning Beitostølen/Garli som blir ein del av hovudløypenettet i Beitostølen sentrum. Traseen skal bidra til å styre trafikken og bruken av utmark bort frå stølsområda.

Overvasshandtering:

Norconsult har på vegne av forslagsstillar utarbeidd supplerande flaum- og overvassberekningar. Notatet syner at overvass-system nedstraums ikkje har kapasitet til å handtere dagens avrenning, då alle stikkrenner er underdimensjonert. Norconsult peikar på sårbarheit for isdanning og problem ved snøsmelting. Konklusjonen er at alle stikkrenner nedstraums må ha ein innvendig dimensjon på 1000 mm. For ny infrastruktur vil infiltrasjonsgrøftene gi tilstrekkeleg fordrøyning. Reguleringsføresegner skal sikre tilstrekkeleg dimensjon på infiltrasjonsgrøft, samstundes som rekkefølgekrav skal sikre tilstrekkeleg dimensjon på stikkrenner nedstraums.

Det er også føreslått korleis handtering av overvatn i utbyggingsområdet kan gjerast. Som trinn 1 er det føreslått at ein vel grus i staden for asfalt på gråe areal i plankartet, og torvtak i staden for tette tak. I trinn 2 er det føreslått fordjupingar på tomtene. Løysing for det må kome fram i byggesøknad. Desse forholda er sikra i reguleringsføresegnene punkt 0.1.5.

Oppsummering:

Kommunedirektøren meiner at høyringsforslaget i all hovudsak er i samsvar med overordna nasjonale og lokale føringar. Etter høyringa av plana er det likevel fleire moment der kommunedirektøren tilrår endringar, basert på innspel og ny kunnskap som er kome i høyringsrunda. Kommunedirektøren syner her til vurdering av planen og vurdering av innspel med enkeltvis tilrådingar.

Vurdering av innspel

Det kom i alt 12 innspel i samband med ny høyring. Innspela tek for seg fleire tema. Under følgjer ei oppsummering av klagane, sortert etter tema. Alle klagane ligg ved saka i fulltekst. Kvart innspel er vurdert, med enkeltvis tilråding på kvart tema.

Generelt

JP 25/12705 – Mattilsynet Region Øst:

Mattilsynet syner til tidlegare innspel i brev datert 01.06.2023 og bekreftar at deira sektorområde er vareteke i planføresegner og planomtale, og har derfor ingen kommentarar til saka.

JP 25/13168 – Innlandet Fylkeskommune:

Fylkeskommunen har ingen vesentlege merknadar til planforslaget i deira innspel. Dei tykkjer det er positivt at planområdet no er kartlagt og at omsynssone for rike myrer er vist, og har ingen merknadar ut over dette.

Vurdering: Innspela inneheld ingen merknadar av betydning for innhaldet i plandokumenta.

Tilråding: Innspela vert teke til vitande.

Planfaglege merknadar

JP 25/13211 – Statsforvaltaren Innlandet

Statsforvaltaren (SF) syner til at Punkt 1.8 i planføresegnene opnar i for bruk til fast bustad, noko som ikkje er i samsvar med overordna plan (fritidsbustadføresmål). Dei syner også til at det er andre krav for fast busetnad samanlikna med fritidsbustad. Dersom det skal bli lagt til rette for fast busetnad i planområdet må det vere regulert til kombinert føremål, og ikkje fritidsbustadføresmål. Statsforvaltaren ber kommunen ta ut punkt 1.8 i planføresegnene for å løyse dette.

Vurdering: Å legge til rette for bustad krev meir tilrettelegging enn det planen opnar for. Kommunedirektøren tilrår å ta innspelet på dette punktet vert teke til følgje.

Tilråding: Innspelet vert teke til følgje. Føresegnene i planen vert endra slik:

Bruk som fast bustad

Alle bueningar innanfor planområdet kan også nyttast som fast bustad.

Vassforvaltning og ureining:

JP 25/13211 – Statsforvaltaren Innlandet

Statsforvaltaren syner til at det er usikkert om resipientane kan tole planlagt utbyggingsvolum. Beito RA har allereie overbelastning og må bli oppgradert før nye einingar kan få byggeløyve. Statsforvaltaren meiner det er uheldig å leggje planforslaget på høyring før motsegn på arealdelen er løyst, men sidan kommunen har dokumentert resipient kapasitet godt over dei 60 einingane som er føreslått i Liahaugstølen, vil dei ikkje gå imot at planforslaget vert handsama før revidert arealdel er vedteken.

Vurdering:

Området skal bli kopla til offentleg vatn og avløp. I samband med revideringa av arealdelen til kommuneplanen er det gjennomført resipientundersøking av Øyangen. Rapporten viser at det er mogleg å knyte inntil 971 nye hytter til Beito reinseanlegg utan at tåleevna for fosfor i resipienten vert overskriden. Kommunen har gjennom eiga kartlegging identifisert at det finst 661 regulerte, men ikkje utbygde einingar i nedbørsfeltet. Denne belastninga ligg klart innanfor den utrekna toleevna.

Beito reinseanlegg har i dag eit krav om 92 % fjerning av fosfor og ein maksimal fosforkonsentrasjon på 0,3 mg/l i utsleppet. Anlegget overheld ikkje alle krav i enkeltprøver, men oppnår likevel svært god reinsegrad. I 2024 var middelerdien for fosforfjerning 97,3 %. SWECO har vurdert tiltak for kapasitetsauke slik at anlegget kan møte skjerpa reinsekrav ($\geq 95\%$ P fjerning og $\leq 0,3$ mg/l) ved full utnytting av resipientkapasiteten. Tentativ framdrift viser at ei slik oppgradering kan vere gjennomført i fyrste halvdel av 2027.

For å sikre at reinseanlegget har tilstrekkeleg kapasitet før nye avløpsmengder blir tilførte, skal det inn ei rekkefølgjeføresegn i planen om at bygging og tilkopling av nye einingar i Liahaugstølen ikkje kan starte før Beito RA er oppgradert og har dokumentert reinsekapasitet i samsvar med krava for full utbygging.

Tilråding: Innspelet vert teke delvis til følgje ved at følgjande rekkefølgjeføresegn vert innarbeidd:

«Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor planområdet skal det vere dokumentert tilstrekkeleg reinsekapasitet på reinseanlegget.»

Overvasshandtering:

JP 25/11427 – Norges Vassdrag- og Energidirektorat (NVE):

NVE har gjeve ei generell attendemelding til Øystre Slidre kommune (ØSK). Dei understrekar at kommunen har det overordna ansvaret for å ivareta omsynet til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, uavhengig av uttale frå NVE. NVE har ikkje kapasitet til å kunne gje konkrete innspel til alle planar, og tilrår kommunen å nytte NVEs kartbaserte rettleiar for reguleringsplanar, samt rettleiar 2/2017 og nasjonale og vesentlege regionale interesser, og syner elles til nettsida deira for meir informasjon.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Trond A. Lie syner i innspelet til bekymring for flaumfare som følgje av manglande drenering ved utbygging. Vatn frå planområdet renn tvers gjennom Stølsie bustadfelt, og han har allereie måtte etablert jordvoll for å beskytte eigen eigedom. Han kritisera utbyggjar for å avgrense konsekvensutgreiinga til vatn innanfor planområdet utan å vurdere verknadar nedstraums.

Vurdering:

I samband med handsaming av planen har Norconsult utarbeidd eit notat som dokumenterer at eksisterande stikkrenner nedstraums er underdimensjonerte i høve til dagens situasjon. Vidare utbygging utan kompensierende tiltak vil kunne føre til auka flaumfare nedstraums.

Norconsult tilrår at alle stikkrenner nedstraums frå ein indre dimensjon på 1000 mm. Kommunedirektøren rår derfor til at det vert fastsett ei rekkefølgeføresegn som sikrar at nødvendige tiltak vert gjennomførte før det vert gjeve igangsetjingsløyve til nye fritidsbustader i planområdet.

Det ligg òg føre eit rekkefølgekrav om at infiltrasjonsgrøft skal vere etablert før det vert gjeve igangsetjingsløyve (IG) for tiltaka i områda FKB1-3. Løysing for handtering av overvatn i planområdet skal vere vidare omtalt og dokumentert i samband med teknisk plan og prosjektering av veg, vatn og avløp, jf. rekkefølgeføresegn 0.1.5.

Kommunedirektøren vurderer at reguleringsføresegnene slik dei no ligg føre, sikrar ei tilfredsstillande og tilstrekkeleg handtering av overvatn i planområdet. Det vert i denne samanheng vist til vedlagt notat frå Norconsult.

Tilråding: Innspelet vert teke delvis til følgje ved at følgjande er lagt inn i reguleringsføresegnene:

«Seinast ved søknad om igangsetjingsløyve for tiltak i FBK1-3 skal alle stikkrenner nedstraums oppgraderast til innvendig dimensjon på 1000 mm».

Trafikksikkerheit og trafikkbelastning:

JP 25/12539 – Statens Vegvesen:

Statens vegvesen har ingen merknadar til dei endringane som no er på høyring, då det ikkje råkar deira ansvarsområde, og syner elles til innspel gjeve førre gong planen låg ute til høyring (2023).

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen peikar på at kommunen har ikkje utgreia sentrale forhold som trafikkmengd og trafikksikkerheit. Ferdslinjer vert kryssat av nye vegar, og trafikksikkerheita her er ikkje vurdert.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølsie Bustadfelt

Innspearane peikar på at trafikk og trafikksikkerheit er ikkje tilstrekkeleg utgreidd og vurdert.

JP 25/12624 – Catharina Thorenfeldt (CMS-Kluge) på vegne av Øvre Lien vel

CMS-Kluge på vegne av Øvre Lien vel har kome med innspel på fleire punkt knytt til trafikksikkerheit og trafikkbelastning:

Trafikkbelastning: Innspelar peikar på at det vert framleis vert planlagd ei betydeleg auke i trafikk på Jomstølsvegen, Lokkarstigen og Hagastølsvegen, noko som vil redusere trafikksikkerheita og auke støy- og støvforureining. Desse vegane vert i dag nytta som turvegar for born og vaksne, og er ikkje dimensjonert for auka trafikk. Bilbruken vil truleg bli langt høgare enn analysane føreset, og det vert peika på at kommunen også planlegg å nytte desse vegane som tilkomst til andre område, noko som vil forsterke belastninga ytterlegare

Kryss og trafikksikkerheit: Innspelar syner til planlagd utviding av krysset Hagastølsvegen – Jomstølsvegen, og seier grunneigarar vil motsetje seg dette. Innsnevring med «blomsterkassar» i Øvrevegen for å sikre skiløypekryss vert kritisert som farleg, særleg vinterstid når vegen er glatt.

Bruk av Lokkarstigen: Det vert synt til at kommunen føreslår å stengje Grønåsvegen fordi den er for bratt, men samtidig tillate køyring på Lokkarstigen med 12 %, noko som framstår sjølv motsigande.

Vurdering

Trafikksikkerheit og trafikkbelastning:

Kommunedirektøren syner til planomtalen punkt 5.5. Trafikkanalysen er oppdatert sidan førre handsaming. Sjølv om nokon truleg vil gå til og frå sentrum i staden for å køyre bil, skal ein ikkje rekne med dette i sjølve trafikkanalysen. I planomtala er totalt tal turar per dag i ei ferieveke sett til 121 turar.

Det er utan tvil slik at utbygginga vil føre til auka trafikk, men kva effekt dette har på trafikksikkerheita kjem ann på dei tiltaka som blir sett inn. Øvrevegen har ei køyrebredde på ca. 6,5 meter + grøft. Resterande tilkomstvegar er regulert til ei køyrebredde på 4 meter, og tilhøyrande grøfteareal, og er i samsvar med krava for «øvrige lokalveg, L2» i statens vegvesens handbok N100. Rekkefølgekrav skal sikre at vegen har tilstrekkeleg breidde og grøfteareal før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader i planområdet. Det er Lokkarstigen som vil få hovudbelastninga av trafikken (om lag 80 %). Vegnettet skal etter regulering bli oppgradert frå dagens 3-3,5 meter til 4 meter. Den auka veggbreidda bidreg til betre framkomst, betre møteforhold, og samanlikna med dagens breidde vil sikkerheita verte betra for gåande og syklende.

Dei tiltaka som er føreslått i planen bidreg til god trafikksikkerheit. Nokon av tiltaka er redusert fartsgrense, tydeleg skilting og fartsreduserande tiltak, i tillegg til god tilrettelegging av trasear for gåande og syklende på andre strekningar.

I tillegg arbeider kommunen med å etablere ein samanhengande, universelt utforma fleirbrukstrasse som skal knyte heile Beitostølen saman. Fleirbrukstraséen er planlagt lagt slik at han går i nærleiken av planområdet for Liahaugstølen, og vil dermed gi eit viktig bidrag til trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Traseen skal bli utforma slik at han kan bli nytta av alle aldersgrupper og funksjonsnivå, og vil fungere både som trygg ferdselsveg, turveg og et attraktivt alternativ til bil for rørsle mellom ulike område på Beitostølen. Når traseen står ferdig, vil han styrkje det samla gang- og sykkeltilbodet i området og bidra til å redusere konflikantar mellom gåande, syklende og biltrafikk.

Skiløypekryss og trafikksikkerheit:

Planen legg opp til at tilførselsløypa frå sentrum på Beitostølen til raud 1 skal krysse Øvrevegen. I planomtalen er det beskrive to moglege løysingar: bygging av skibru eller etablering av kulvert. Konsulenten har vurdert begge løysingane som lite gjennomførbare på grunn av krav til høgde, breidde og dei nødvendige inngrepa i terrenget. Det er difor tilrådd ei løysing basert på sjikane i vegen, der biltrafikken vert snevra inn til eitt køyrefelt. Skilting skal verte nytta for å redusere risikoen for brå stopp og trafikkfarlege situasjonar.

Kommunedirektøren peiker likevel på at ei sjikane kan vere utfordrande, sidan denne delen av Øvrevegen har ei gjennomsnittleg stigning på om lag 11 % og ei maksimal stigning på 12,6 %. Dersom sjikaneløysinga skal gjennomførast, må det i tillegg til skilting bli gjennomført andre trafikksikringstiltak, til dømes fartsdumpar i begge køyreretningar.



BAKKEHØYDE	↑
Max slope	12,6%
Avg slope	10,9%

Figur 3. Høgdeprofil langs Øvrevegen i samband med skiløypekryss

Bruk av Lokkarstigen som tilkomstveg:

Lokkarstigen har ein stigningsprosent mellom 0,7 og 1,8 %, tilnærma flatt. Forlenginga av Lokkarstigen gjennom FKB1-2 og FKB3 har ein gjennomsnittleg stigning på 2,7 % og ein maksimal stigning på 6,9 %. Dette er langt betre enn Grønåsvegen med gjennomsnittleg stigningsprosent på over 11 % og ein maksimal stigning på over 13 %.

Ser ein derimot Markavegen er stigninga svært bratt. I dag er maksimal stigning på Markavegen 17,8 %. Kommunedirektøren syner her til planskildringas pkt. 5.5. For å få akseptabel stigning på Markavegen og opp til Lokkarstigen, skal Lokkarstigen bli senka med 2 meter inn mot krysset med Markavegen. Maksimal stigningsprosent på Markavegen vil då vere 12 %, noko som er vurdert som akseptabelt over ein strekning som er relativt kort.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Følgjande vert lagt til som rekkefølgjeføresegn:

«Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor planområdet skal tilkomstvegane utbetrast med ei køyrebredde på 4 meter og tilhøyrande grøfteareal, i samsvar med handbok N100».

«Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader, skal nødvendige trafikksikringstiltak på alle tilkomstvegane vere prosjektert, godkjent av kommunen og vegmyndigheitene, og gjennomført. Tiltaka skal utarbeidast i dialog med kommunen og aktuell vegmyndigheit.»

Tilkomst for gåande og syklende:

JP 25/12539 – Statens Vegvesen:

Statens vegvesen peikar på at trafikksikkerheit i hytteområde må vurderast, og i tillegg til tilkomst for bil, så må det verte planlagt også for syklande og gåande.

Vurdering:

Kommunedirektøren syner her til planomtalen, under punkt 5.5. der det i eige avsnitt er skildra moglegheiter for gåande og syklande inn og ut av planområdet, der det gjennom kart vert skildra tilkomstmoglegheitene til sentrum frå planområdet. Kommunedirektøren meiner tilkomst for gåande og syklande er godt vareteke gjennom dei traseane som i dag er etablert i området. Kommunedirektøren syner også til fleirbrukstraséen som skal bli etablert som universelt utforma hovudtrase. Denne vil gå i tilknytning Liahaugstølen, og tilkomst til sentrum og andre stader vil også vere sikra ved etablering av den.

Tilråding: Innspelet vert teke til vitande.

Born og unges sikkerheit

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av heiltids- og deltidssinnbyggjarane tilknytt Stølsli Bustadfelt

Innspearane meiner Born og unges sikkerheit er fråverande i planforslaget, og at det er i strid med rikspolitiske retningslinjer og plan- og bygningslova.

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Innspearane meiner at situasjonen er særleg alvorleg for born og unge. Regulert leikeplass vert fjerna utan erstatning, ferdselslinjer vert kryssa av nye vegar, og trafikksikkerheita er ikkje vurdert

Vurdering:

Statlege planretningslinjer krev at ein reguleringsplan sikrar born mot trafikkfare og at leikeareala skal vere trygge. Kommunedirektøren meiner at born sin sikkerheit er tilstrekkeleg varetatt i reguleringsplanen med dei tiltaka som er lagt inn knytt til trafikksikringstiltak og utforming av grøntareal. Vi syner til punkt 5.4, 5.5 og 5.6 i planomtalen.

Som planomtalen seier, vil born vere meir utsett ved etablering av leikeplass i samsvar med gjeldande reguleringsplan, grunna nærleik til Øvrevegen, som er meir trafikkert enn sidevegane. Kommunedirektøren meiner planforslaget sikrar store areal for born, utan at dei vert utsett for fare. Løysingane med skiløype og fleirfunksjonstrase vil også bidra til at born ikkje treng å gå langs trafikkert veg dersom dei skal gå mot sentrum. God skilting, fartsreducerande tiltak og utvida breidde på vegen, som synt til i trafikkvurderinga, vil bidra til å styrke born og unges sikkerheit. Vi syner elles til vurdering av trafikksikkerheit og vurdering av grøntområde i saksframlegget.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Landbruk

JP 25/13211 – Statsforvaltaren Innlandet

Statsforvaltaren peikar på at fleire fritidsbustader kan skape konfliktar med beitedyr og landbruk, og tilrår kommunen å ha god dialog med beitebrukarar for å finne gode løysingar. Dei peiker også på at forholdet til beiterett må bli avklart før gjennomføring av planen.

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Eggesbø meiner utmarksbeite er avgjerande i høgtliggande strøk, og at nedbygging vil skade stølsdrifta og matproduksjonen.

Ho hevdar utbygginga vil føre til auka ferdsel i sårbare stølsområde, skape konflikhtar med beitedyr, og true stølsdrifta. Stølsdrift er samfunnskritisk og må beskyttast, særleg med tanke på framtidig matproduksjon og klimaendringar. Eggesbø meiner også at beiteområde må bli verna for å sikre norsk matproduksjon.

Eggesbø meiner kommunen ikkje har vist tilstrekkeleg omsyn til stølsbønders utfordringar, og at utbyggjarar/tomteeigarar pressar gjennom utbygging med politisk innflytelse.

JP 25/13091 – Fjellgrensenettverket Valdres

Fjellgrensenettverket Valdres ber kommunen om å avslå planforslaget, grunngjeve med blant anna omsynet til beiteinteresser. Dei peikar på at området har stor verdi som beiteareal som bør verte sikra for framtida ved å flytte dagens sperregjerde nærare eksisterande busetnad og trekke utbyggingsgrensa ned til dagens bygde område.

JP 25/13092 – Støsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølslie, Deltidsinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innsendarane peikar på at ROS-analysen har manglar knytt til omsyn til stølsdrift og landbruk, og syner til kravet i plan- og bygningslova § 4-3. Dei syner til at området er godt beiteareal som står unytta på grunn av sperregjerdet som i dag deler av arealet. Det vert synt til at heimrastgjerdet også berre var ei prøveordning som det ikkje er fatta endeleg vedtak på. Innsendarane meiner det ikkje er føreteke ei god nok vurdering av konsekvensen tiltaket har for støling og beitebruk.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Lie kritiserer kommunen blant anna for å ignorere konkurrerende interesser som stølsdrift, og syner til konflikt med stølsbrukarar, som har heva skiløypeavtaler i protest mot utbyggingsplanane. Han hevdar også at konsekvensar for landbruk er ikkje vurdert.

Vurdering

Ei auke i tal fritidsbustader, slik planen legg til rette for, vil påverke beitebruk og støling i nærområdet, då ferdselen i nærområda vil auke. Det er allereie i dag utfordringar med konflikt mellom turisme og beitebruk, og uheldige situasjonar oppstår. Strekinga frå Beitostølen over til Javnlie er allereie godt nytta av fleire til friluftsføremål. Dette er synleg i mellom anna treningsapplikasjonen Strava sine kart.

Dei tiltaka som er føreslått som avbøtande tiltak i planomtalen (5.3 s. 57) er etter kommunedirektøren sin vurdering gode tiltak. Der vert det synt til planlagt fleirbrukstrasé som vil bidra til å kanalisere noko av ferdselen vekk frå beiteområda. Skilting og informasjonsarbeid er også vesentleg. Mykje av utfordringa i dag er at dei som nyttar området til rekreasjon ikkje er kjent med beitedyr og korleis dei vert påverka negativt av ferdselen, og korleis dei kan reagere i møte med folk og hundar. Auka informasjonsarbeid kan redusere konflikten mellom beitebruk og anna bruk av utmark.

Kommunen vedtok i 2025 Beitebruksplan for Øystre Slidre kommune, og ein eigen beitebruksplan for Hedalsstølområdet, som er det stølsområdet som ligg nærast Liahaugstølen. Gjennom beitebruksplanen er det utarbeidd ein handlingsplan, i dialog både med stølsbrukarane og beiteutvalet i kommunen. Arbeidet resulterte i ein utvida omsynssone for landbruk i arealdelen til kommuneplanen, der følgjande er lagt inn som føresegn:

«Innanfor omsynssone landbruk Hedalsstølane – Javnin skal det ikkje leggst til rette for anna turisme enn gardsturisme. Allereie etablerte tiltak kan halde fram. Tilrettelegde vandrestiar i omsynssona, som treplankar/klopper, bør fjernast. Dette gjeld tilrettelegging som held fram på barmark, altså i beitesesongen.»

I tillegg er det lagt inn tiltak som å bytte ut grindene på dagens sperregjerde for å hindre at dei vert ståande oppe, og å bytte ut dagens ferist, då den stadig fyller seg med grus, som gjer at bufe kjem seg ned i sentrum. Auka informasjonsarbeid om beitebruk og støling er også lagt inn som tiltak i beitebruksplanen for heile kommunen. Desse tiltaka vil bidra til å redusere den negative påverknaden på beiteområda som følgje av noverande og framtidig busetnad/fritidsbusetnad på Beitostølen.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

-

Støy

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen hevdar i sitt innspel at kommunen har ikkje utgreia sentrale forhold, der i blant støy.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av heiltids- og deltidssinnbyggjarar tilknytt Stølsli Bustadfelt

Innspelarane meiner at konsekvensar i høve til støy ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.

Vurdering

Det er ein realitet at utbygging i tilgrensande område gir auka trafikk, både i anleggsperioden og i ettertid for eksisterande fritidsbustadområde. Det vil auke støv, støy og lokalt ureiningsnivå, noko som kan bidra til å endre trivsel og tryggleik i nærmiljøet. Dette er eit tema ikkje berre ved regulering av nye område, men også ved fortetting i allereie regulerte område.

Kommunedirektøren ser likevel at den planlagde utbygginga ligg innanfor eit område som etter si art og plassering ikkje er særleg støyutsett i dag. Trafikkmengda i eksisterande vegnett er moderat, og utbygginga vil berre gi ein avgrensa auke i ÅDT. Basert på erfaringstal og nasjonale retningslinjer (T 1442/2021) vurderer kommunedirektøren at støybidraget frå både anleggsdrift og framtidig trafikk ikkje vil overstige gjeldande grenseverdier.

I anleggsperioden må det likevel påreknast noko støy. Desse er mellombelse og vanleg i samband med utbygging av eit område.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Lysforureining

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen hevdar i sitt innspel at kommunen har ikkje utgreia sentrale forhold, der i blant lysforureining.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av heiltids- og deltidssinnbyggjarar tilknytt Stølsli Bustadfelt

Innspelarane meiner at konsekvensar i høve til lysforureining ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.

Vurdering

Det er i reguleringsplanen lagt inn eigne føresegner knytt til belysning, noko kommunedirektøren meiner varetek omsynet til lysforureining på ein tilfredsstillande måte. Punkt 1.9 seier mellom anna at utelamper skal lyse nedover og ha skjerm som hindrar at lyset synest mot himmelen. Lyskjelda skal vere svak og ha varm fargetemperatur. Utelamper

er berre tillat ved opphaldsareal og ved inngangsparti, og dei ved inngangsparti må vere fastmonterte på vegg. Det er ikkje lov med lys på gjerder, portstolpar eller liknande. Alt utelys skal slås av når området ikkje er i bruk, uavhengig av energikjelde.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Støy og nattleg ferdsel

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen meiner i sitt innspel at konsekvensar av nattleg aktivitet og støy er ikkje vurdert.

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Eggesbø seier at Stølslie bustadområde vil bli sterkt råka av støy og nattleg ferdsel dersom denne reguleringa vert realisert.

Vurdering

I alle område som blir lagt ut til utbygging for bustader eller fritidsbustader, må ein rekne med noko støy knytt til vanleg menneskeleg aktivitet. Dette gjeld òg for dagens fritidsbustadområde på Beitostølen. Generelt har Beitostølen ei brukargruppe som i mindre grad genererer feststøy samanlikna med mange andre fritidsreisemål.

Liahaugstølen er planlagt som eit område for alle som ønskjer fritidsbustad her, utan tilrettelegging mot ei særskilt brukargruppe. Det er lagt opp til leikeareal, skiløype/fleirbrukstrase gjennom området og anna infrastruktur som vil gjere at både familiar med born og ungdom, godt vaksne og andre vil nytte området. For Beitostølen gjeld dei alminnelege reglane om nattero frå kl. 23:00–06:00, jf. normalpolitivedtekt for kommunane (rundskriv 2018/002). Kommunedirektøren vurderer at ei utbygging av Liahaugstølen ikkje vil medføre særleg negative konsekvensar i form av støy, rusåtferd eller liknande. Aktiviteten vert rekna som på nivå med andre etablerte fritidsbustadområde på Beitostølen.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Bukvaliteten, helseverknader og samfunnsøkonomiske konsekvensar

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Frank Evertsen peika på manglande vurderingar knytt til bukvaliteten og helseverknader, samfunnsøkonomiske konsekvensar for fastbuande.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølslie Bustadfelt

Innspearane meiner at ei auke i gjennomfartstrafikk vil forringe bukvaliteten, og at det ikkje er vurdert konsekvensar for fastbuande.

Vurdering

Både nasjonale retningslinjer og samfunnsdelen av kommuneplanen seier at nye område som vert teke i bruk til utbygging av fritidsbustader skal ha høg arealutnytting, samtidig som bukvaliteten i området skal vera god. Kommunedirektøren meiner at reguleringsplanen for Liahaugstølen legg opp til dette. Det er god avstand mellom bygg og til eksisterande busetnad, samstundes som området vert bygd ut på ein arealeffektiv måte, med leilegheitsbygg og ikkje einefritidsbustader.

Det vert peika på at utbygginga vil påverke bukvaliteten til kringliggjande busetnad negativ, grunna uka støy og auka gjennomkøyning. Ei kvar ny utbygging vil påverke kringliggjande område i form av auka trafikk på tilkomstvegane, og generelt meir aktivitet i området. At det vil ha vesentleg stor negativ påverknad, er lite truleg. Vi syner her til vår vurdering av trafikk og trafikktryggleik, og vurdering av tilkomst for gåande/syklende, og vurdering av grøntområde.

At reguleringsplanen vil ha negative helseverknadar på fastbuande og andre er lite truleg. Tilgangen til naturen vil framleis vere til stade med god tilrettelegging av turtrasear og sikring av grønt-korridorar i planområdet. Ein turtrasé/skiløype som er universell utforma vil heller kunne ha positive helseverknadar framfor negative. Det som kan føre til negative helseverknadar på naboar, vil vere knytt til mogleg støv og støy i anleggsperioden, noko som då vil vere over ei avgrensa periode.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at ei utbygging av Liahaugstølen vil føre til store negative konsekvensar på bukvaliteten, helse eller samfunnsøkonomi.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Fjernvarme

JP 25/12624 – Catharina Thorenfeldt (CMS-Kluge) på vegne av Øvre Lien vel

CMS-Kluge syner til at kommunen har vedtatt tilknytingsplikt for fjernvarmeanlegg drive av Stølslie Biovarme AS, som også delvis har same eigar som eigar av utbyggingsområdet. Det vert reist spørsmål om eksisterande hytter må kople seg til ved utvidinga, og det vert påpeika at kommunen framstår som pådrivar for tiltak som gagnar utbyggjar, som har representasjon i kommunestyret.

Vurdering:

Som det kjem fram av reguleringsføresegnene pkt. 1.2.1 gjeld tilkoplingsplikta for områda FKB1-3 og FBF 11. Her skal alle bygg over 50 m² med oppvarmingsbehov verte knytt til fjernvarmeanlegget. Det betyr at eksisterande busetnad elles i planområdet ikkje vert råka av tilkoplingsplikta gjennom denne reguleringsplanen.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Grøntareal, utomhusareal, stiar og løyper

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Innsendar meiner at borna sin ferdsel og tilgang til natur er ikkje vurdert og at regulert leikeplass vert fjerna utan erstatning.

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Innsendar meiner at Syvervegen som i dag er tursti og skiløype vil miste sin verdi.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølslie Bustadfelt

Innsendar meiner at planforslaget fjernar ein regulert leikeplass utan fullgod erstatning.

JP 25/12624 – Catharina Thorenfeldt (CMS-Kluge) på vegne av Øvre Lien vel

CMS-Kluge har kome med innspel knytt til friareal og skiløype, og syner til at det avsette friarealet vert i planen delt i tre på grunn av nye tilkomstvegar. Skiløypa som vert nytta aktivt

av lokalbefolkninga og fungera som akebakke skal flytast, noko som vil øydeleggje friarealet og redusere rekreasjonsmoglegheitene. Flyttinga vert grunngeve med at løypa er for bratt, men det er ikkje CMS-Kluge samde i, då løypa i dag blir nytta av mange utan problem.

JP 25/13092 – Stølsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølsle, Deltidsinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innsendarane meiner det ikkje er eit reelt behov for å legge om skiløypa, som har fungert godt i mange år og er tilgjengeleg for alle. Ei eventuell omlegging kan verte gjort uavhengig av den planlagde utbygginga. Dei hevdar skiløypeargument vert nytta som eit påskot for utbygging i urørt område, og syner til at det allereie finst gode sommar- og vintertraséar på nedsida av Fv. 51 som dekkjer same behov.

Vurdering

Det er tilrettelagte skiløyper og turstigar i og rundt planområdet, som etter kommunedirektøren si vurdering er eigna for born og unge. Planforslaget inneheld areal avsett til leik, og det er i tillegg fleire friområde som skal sikre gode utomhusareal for denne aldersgruppa. Sjølv om det ikkje vert etablert ein leikeplass med faste leikeapparat, meiner kommunedirektøren at tilgangen på ulike leikeområde er god. Friområde utan omfattande tilrettelegging gir rom for variert leik, kreativitet og bruk av naturen slik den er i dag. Dette medfører også mindre inngrep enn om ein skulle grave ut og planere for leikeutstyr. Planforslaget legg også opp til god avstand mellom bygg, slik at det vert rikeleg med uteareal. Dei fleire, mindre leikeområda skapar naturlege lommer for uteopphald og aktivitet. Om vinteren gir terrenget gode moglegheiter for aking, og området ligg nær eksisterande sti- og løypenett. Totalt sett meiner kommunedirektøren at planforslaget legg godt til rette for at born og unge kan drive med leik og fritidsaktivitetar i nærområdet. Som planomtalen seier, vil born vere meir utsett ved etablering av leikeplass der den er regulert i gjeldande reguleringsplan, grunna nærleik til Øvrevegen, som er meir trafikkert enn sidevegane. Kommunedirektøren meiner dette området sikrar tilstrekkeleg areal for born, utan at dei vert utsett for fare. Løysingane med skiløype og fleirfunksjonstrase bidreg også til at born ikkje treng å gå langs trafikkert veg.

Eggesbø meiner Syvervegen vil miste sin verdi som tursti og skiløype. Kommunedirektøren syner til at Syvervegen opp til møtet med Markavegen framleis vil halde fram som skiløype eller tursti. Reguleringsplanforslaget legg opp til at dagens løype/sti som går gjennom reguleringsområdet skal bli lagt om på utsida av området. Kommunen har ei målsetjing å verte det best tilrettelagte reisemålet i Noreg, uavhengig av funksjonsnivå. Det betyr at vi treng turtraséar som er universelt utforma, der stigningsgrad på løype er eit avgjerande moment. Omlegginga av løypa, som er føreslått i samband med denne reguleringsplanen følgjer opp målsetjinga, og dei slutningane som er lagt til grunn ved revidering av arealdelen til kommuneplanen. Skiløypa som vert regulert inn med kryssing over Øvrevegen er ei sentrumsnær tilførselsløype til raud 1. Vi syner til figur 1 og 2.

Det vil alltid vere ulik vurdering om ein skitrasé er for bratt eller ikkje i høve til at folk har ulike preferansar. Kommunedirektøren meiner at dagens trasé gjennom grøntområdet i planområdet er for bratt for å oppfylle stigningskrava for universell utforming. Ei endring av traséen vil gjere den sikrare for alle brukarar.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Naturmangfald og klima

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Innsender peikar på manglande vurderingar knytt til naturmangfald og artsdata. Evertsen meiner planforslaget slik det no føreligg er i strid med naturmangfaldlova.

Kunnskapsgrunnlaget er ufullstendig, føre-var-prinsippet er ignorert til tross for registrerte raudlista artar, og samla belastning på naturmiljøet er ikkje vurdert.

JP 25/13211 – Statsforvaltaren Innlandet

Statsforvaltaren kjem med ei oppsummering av funn og endringar i forhold til kartlegginga som er gjort, men har ingen konkrete merknadar.

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Eggesbø meiner at planforslaget bør verte avvist, grunngjeve med blant anna at utbygginga truer karbonrik natur og viktige naturverdiar. Området har rikt fugle- og dyreliv, dokumentert av lokale observasjonar. Eggesbø meiner naturkartlegginga som er gjort er for snever, og syner til at Biofokus tidlegare har presisert behov for kartlegging av influensområder.

Ho hevdar tiltaket vil krevje hogst av skog utanfor byggeområdet for utsikt, som vil gjere prosjektet svært synleg og dominerande i terrenget. Eggesbø syner også til tidlegare hogst i området, kor det no er etablert skiløype, og meiner dette er eit resultat av manglande respekt for naturverdiar.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølslie Bustadfelt

Innsendar peikar på at planforslaget har manglande utgreiingar av naturmangfald og klima, og kva konsekvensar utbygginga har på dette.

JP 25/13092 – Stølsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølslie, Deltidsinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innsendar peikar på at planforslaget har mangelfulle vurderingar av konsekvensane for naturmangfald.

JP 25/13091 – Fjellgrensenettverket Valdres

Nettverket ber kommunen avslå planforslaget, og grunngjev dette med omsynet til naturmangfald, beiteinteresser og nasjonale føringar for arealplanlegging. Sjølv om det no er lagt inn moment som marksikringsplan og omsynssoner rundt myrer, er ikkje dette tilstrekkeleg for å ivareta området naturverdiar. Nettverket understrekar behovet for arealnøytralitet, gjenbruk av allereie utbygde areal, og stopp i nedbygging av natur.

Den naturfaglege vurderinga i plandokumenta syner at området består av skog og boreal hei med mindre myrparti, men også natur med funksjon for vilt og nært trua artar. Området som er produktivt er fuktig, med høg insektproduksjon, noko som er viktig for fuglar. Utbygginga vil auke den samla belastninga på økosystemet, fragmentere grøne lommer og forringe kvaliteten over tid. Det er registrert naturtypar som jordvassmyr og høgstaudeskog, og skjøtsel kan forbetre området sin funksjon for semi-naturleg mangfald. Artskart syner funn av fleire raudlista artar innanfor ein radius på éin kilometer, blant anna snøbakkestjerne, issoleie og mogop (NT), kvitkurle (VU), småull (EN), maismjelt (CR), summarfuglen Scrobipalpa acuminatella (VU) og billa Gnathacmaeops pratensis (EN).

Planområdet er ein del av eit større naturområde med høg bevaringsverdi, og våtmark og skog her er viktig for naturmangfald og klimatilpassing. Flaumørebygging og karbonlagring er her nemnt som moment. Tap av areal er hovudtrusselen for trua artar. Nettverket syner til rapportar som dokumentera omfattande naturinngrep ved hyttebygging, og påpeiker at kommunen allereie har stor tomterese, slik at behov for nye utbyggingsområde ikkje er til stade. Globalt og nasjonalt er det mål om å bevare minst 30% av naturen innan 2030, og øydelegging av natur er ein hovudårsak till tap av biologisk mangfald og klimautfordringar.

Innspelet syner til statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, og klima og energi, som krev at fortetningspotensialet skal vere utnytta før nye område vert bygd ut, og at fritidsbustader ikkje skal bli anlagt på myr eller over skoggrensa. Planlegging skal redusere

nedbygging av viktige naturareal, og unngå omdisponering av karbonrike areal som myr og våtmark. Det bør bli utarbeidd areal- og naturrekneskap som del av kunnskapsgrunnlaget. Nettverket konkludera med at detaljreguleringa av Liahaugstølen vil innebere nye inngrep i eit område som allereie har stort utbyggingspress, og at planforslaget må verte avslått for å ivareta natur, klima og lokalsamfunn.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Lie meiner utgreiingane til natur framleis er mangelfulle. Biofokus AS har kartlagt boreal hei og fleire raudlista artar, men konkludera med middels til stor negativ konsekvens for naturmangfald. Dette står i kontrast til kommunen sin tidlegare påstand om at naturforholda ikkje er til hinder for utbygging. Lie påpeikar at kartlegginga er avgrensa og ikkje omfattar ny skiløype, som aleine vil råke 13 dekar i areal.

Lie syner til at myrområde i planområdet er bekrefta, men at konsekvensane for klima og natur er ikkje vurdert. Det er foreslått omsynssoner som avbøtande tiltak, men Lie meiner desse er urealistiske gitt planlagde vegtrasear og masseutskiftingar. Han syner til regjeringa sitt forslag om forbod mot nedbygging av myr, som vil gjere ei utbygging i strid med kommande lovverk. Raudlista artar som mogop, gryntjafs og skrukkemose er registrert, og det er potensiale for fleire artar. Lie understrekar at kommunen ikkje har vurdert klimaeffekten av bygging på myr, og at dette er ein alvorleg mangel.

Vurdering

Eventuelt hogst utanfor byggeområdet for utsikt er eit tilhøve som ikkje er relevant for denne saka. Området ligg i vernskoggrensa, og all hogst som ikkje er vedhogst til eget bruk, er søknadspliktig, jf. vernskogforskrifta §3.

Biofokus har gjennomført naturtype- og artskartlegging i planområdet og vurdert konsekvensar av planlagt utbygging mot 0-alternativet (ingen utbygging). Kartlegginga dokumenterer mellom anna førekomst av raudlista naturtype D1 boreal hei (VU) i nord, registrerte raudlista artar som mogop (NT), gryntjafs (NT) og skrukkemose (NT), og konkluderer med at dei samla verknadene av tiltaket ligg i intervallet middels til stor negativ konsekvens på grunn av arealbeslag, fragmentering og kanteffekt. Den vestlege delen er allereie utbygd og har lågare naturverdi, medan dei ubygde delane i aust har mellom anna kjeldepåverka bjørkeskog og små, grunne myrparti. Biofokus har delt arealet inn i tre delområde og verdisett desse etter anerkjend metode i Miljødirektoratet si KU-handbok (M 1941); delområde 1 (utbygd felt) er vurdert til «ubetydelig – noe verdi», delområde 2 (ubygde, artsforekomstar) til «middels verdi», og delområde 3 (ubebygde tomt i etablert felt) til «noe verdi». Desse vurderingane blir lagde til grunn som kunnskapsbase for planen.

Kommunen har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8–12. Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 er tilstrekkeleg for reguleringsnivået ved at feltkartlegging er kombinert med relevante databasar og standardisert metode. I tråd med § 9 blir føre var prinsippet lagt til grunn for desse temaa gjennom rekkjefølgjekrav og skånsam anleggsdrift. Etter § 10 blir tiltaket vurdert i lys av samla belastning i regionen, der Biofokus peikar på at hytteutbygging i denne høgdesona alt pressar natur og artar; dette medverkar til at verknadene må vegast strengt. Kostnadene ved å førebyggje og avgrense skade blir etter § 11 lagt på tiltakshavar, og § 12 ligg til grunn for val av miljøforsvarlege teknikkar, inklusive minimal arealbruk, skånsam massehandtering og hydrologisk varsam vegbygging.

Vurderinga er òg forankra i gjeldande statlege føringar. Statlege planretningslinjer for klima og energi krev at planlegginga vektlegg samanhengen mellom klimagassutslepp, karbonopptak og lagring og klimatilpassing. Dette inneber at karbonrike areal i og nær planområdet skal bli vurdert særskilt og at klimagassverknader av massehandtering, drenering og eventuell nedbygging skal verte gjort greie for. Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet slår fast at areal er ein knapp ressurs, og at fortetting, transformasjon og gjenbruk skal vere hovudstrategien før nye naturområde blir bygde ned, også for

fritidsbustader. Desse retningslinjene blir lagt til grunn for avgrensing av byggeområde og for utforminga av juridisk bindande føresegner og rekkjefølgjekrav, og dei blir supplerte av Nasjonale forventningar 2023–2027, som understrekar kunnskapsbasert planlegging, arealrekneskap og vurdering av sumverknadar.

Særleg merksemd blir retta mot myr som karbonrik natur og leveområde. Regjeringa har sendt på høyring forslag om forbod mot nedbygging av myr, og i påvente av regelverket har departementa oppmoda kommunane om å unngå nedbygging av myr i planleggingssaker. Miljødirektoratet har i si oppsummering tilrådd at eit forbod bør gjelde all myr, også i regulerte område. Desse føringane blir lagde til grunn i denne saka. Myr skal ikkje verte bygd ned. Dette blir sikra gjennom omsynssoner og byggegrensar rundt myrflatar, samt føresegn om at det ikkje kan verte gjennomført tiltak som drenerer myrene i H560_1 og H560_2.

Som oppfølging av Biofokus sine råd blir det sett krav om at grønne lommer skal vere så store og samanhengande som mogleg og behalde opphavleg vegetasjon og kjeldepåverknad; marksikringsplan skal vere godkjent før igangsetting med avklarte riggsone, masselogistikk og førebygging mot framande artar; og miljøoppfølgingsplan skal sikre kontroll i anleggs- og driftsfase. Det blir stilt vilkår om revegetering med stadeigen vegetasjon for traséar som ikkje kan bli lagt i vegareal.

Med desse føringane kan planen verte vidareført, i samsvar med naturmangfaldlova og nasjonale retningslinjer.

Tilråding: Innspel vert teke delvis til følgje ved at følgjande vert lagt inn eit tillegg i reguleringsføresegnenes punkt 0.1:

I FKB1-3 kan det ikkje gjennomførast tiltak som drenerer myrene i H560_1 og H560_2.

Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Høgde og omfang

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Innsender meiner at «blokklandsbyar» ikkje bør bli godkjent utanfor sentrum då det bryt med området sin karakter. Innsender peikar på at denne reguleringa ikkje er ei fortetting, men nedbygging av eit nytt område.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølslie Bustadfelt

Innsender meiner planforslaget har manglar av utgreiingar knytt til at planen fysisk vil omringe det eksisterande bustadfeltet.

Vurdering

Det vert peika på at blokklandsbyar ikkje bør bli godkjent utanfor sentrum, då det bryt med området sin karakter. Liahaugstølen kan bli bygd med leilegheitsbygg i tre etasjar, med maksimal mønehøgde på 10.5 meter. Omfanget av utbygginga er godt illustrert i planomtalen (5.8). Omfanget av utbygginga skil seg vesentleg ut frå kringliggjande busetnad i høve til høgde og utsjånad, då omgjevnaden i hovudsak består av enkelthytter eller einestader. Området skal verte utnytta tettare, noko som gjer at utbyggingsmønsteret vert annleis. Kommunedirektøren meiner likevel dei rammene som reguleringsplanen set for utbygginga fell inn i høve eksisterande busetnad på ein god måte. Møneretninga vil variere, noko som bidreg til at dei er mindre ruvande i terrenget. Det er også lagt opp til varierende høgde på bygg i planområdet, slik at ein får ein variasjon. Dette bidreg også til at utbygginga ikkje vil

verke for ruvande i terrenget. Grøntområdet mellom eksisterande og ny busetnad vil også verke skjermende for dei som har busetnad i området får før, sjølv om det vil bli eit annleis uttrykk enn det som er i dag.

Planen legg til rette for fortetting i eksisterande busetnad og ei utviding av området i tråd med avgrensinga for området H1 i overordna plan. Utnyttingsgrada blir auka i heile planområdet, og innanfor FBF1-11 blir det lagt opp til tomtedeling og fortetting. Dette er vurdert som i samsvar med føringar og mål omtala under «Lovar, reglar, statlege planretningslinjer og kommunale mål».

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Val av område

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Innsender meiner det er ikkje vurdert reelle alternativ til utbygginga.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av heiltds- og deltidssinnbyggjarar tilknytt Stølsle Bustadfelt

Innsender meiner det ikkje er dokumentert eit reelt behov for utbygginga, eller vurdert reelle alternativ og at planen framstår som basert på utdatert og uforsvarleg planfagleg grunnlag og at den ikkje er i tråd med dagens nasjonale krav til berekraftig arealutnytting.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Lie meiner kommunen ikkje har vurdert utbyggingsplanane opp mot eksisterande tomtereseve. Lie framhevar at forslaget er basert på utbyggingsbehovet i ein kommunedelplan frå 2011 utan å dokumentere eit reelt behov for fritidsbustader.

JP 25/13092 – Støsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølsle, Deltidssinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innspearane meiner planforslaget ikkje grunnjev behov for utbygginga, og at det ikkje er eit reelt behov for tiltaket. Det er ikkje gjeve ei god grunngeving for ei massiv utbygging i eit urørt LNFR-område med dei verdiane området har for både beitebruk, naturverdiar og friluftsliv. Dei syner til at kommuneplanens arealdel bør vere arena for å avklare framtidig arealbruk, særleg i tilfelle der ein legg til rette for massiv utbygging i urørt område. Dei meiner det er uheldig og konfliktskapande å detaljregulere dette samstundes som arealdelen til kommuneplanen er i slutfasen.

JP 25/13049 – Elisabeth Eggesbø

Eggesbø kjem med ei klar anbefaling om at H1 bør verte tilbakeført til LNFR-føremål, og at utbyggingsgrensa må bli flytta ned til eksisterande busetnad. Kommunedelplanen for Beitostølsområdet kan ikkje verte nytta som grunnlag, då den er utdatert sett opp mot arealplanforslaget som no er under utarbeiding.

Vurdering:

Reguleringsplanarbeidet for Liahaugstølen er ein prosess som har føregått i lang tid, utan at det skal ha betydning for korleis vi vurderer innhaldet i planen og dei merknader som er komne inn. Som nemnt i vurdering av plandokumenta, er utbyggingsområdet for Liahaugstølen vidareført i revideringa av kommuneplanens arealdel. Planen og vurderinga av planen i denne saka er også basert på det nye kunnskapsgrunnlaget som no ligg føre, knytt til naturkartlegginga, resipientvurdering for Øyangen, ny rapport for overvasshandtering, og vurdering av trygge tilkomstar. Kommunedirektøren meiner at planen no er tilstrekkeleg opplyst for å verte lagt fram for vedtak i kommunestyre.

I følgje dei nye statlege planretningslinjene heiter det at ein ikkje bør regulere nye område dersom det er store tomterese i tilgrensande planar. Dette er grunngeve med generelle prinsipp som blant anna arealeffektiv utbygging. Dersom tilgrensa område ikkje er egna for ytterlegare fortetting, til dømes ved manglande infrastruktur, kan kommunen gå vidare med å regulere nye område. I tilgrensande reguleringsplanar er det noko tomterese. Her er det utfordringar knytt til infrastruktur som må bli klarlagt før ein skal kunne utnytte området, og området har difor stått delvis ubyggt i lang tid. Kommunedirektøren meiner difor at regulering av Liahaugstølen ikkje vil vere i strid med planretningslinjene på dette punktet.

Planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel seier følgjande: «*Det er fleire utbyggingsområde for fritidsbustader som ikkje er utbygd eller ferdig detaljregulert i planperioden. Det vil sei at det er mykje areal som er satt av til fritidsbustader, men som framleis ikkje er nytta. Utlegging av nye område for fritidsbustader må difor vera knytt til område som allereie er sett av til utbygging i eksisterande KPA/KDP, ligge i direkte nærleik til slike område eller til planlagd VA-utbygging. Kommunen vil vurdere å ta ut område som over lang tid har vore sett av til utbygging av fritidsbustader, men som ikkje har blitt realisert. Dette vil særleg vera aktuelt for avsette område som ikkje er knytt til større utbyggingsområde, då kommunen ikkje ynsker nye «satellittar» for fritidsbustader.*

Innspel knytt til å flytte utbyggingsgrensa er ikkje relevant i reguleringsplanssamanheng, og høyrer til revideringa av arealdelen til kommuneplanen. Det er gjennom kommuneplanarbeidet vedteke ei plassering av utbyggingsgrensa, og at området i H1 i kommunedelplanen skal verte vidareført som framtidig fritidsbustad. Omkringliggjande areal skal framleis vere LNFR-areal.

Liahaugstølen vart ikkje teke ut i revisjonen av kommuneplanens arealdel, då området ligg i nærleik av allereie utbygd område, og det er ikkje vesentlege naturinteresser som tilseier at området skal bli teke ut eller vurdert på nytt. Området ligg også i tilknytning til offentleg vatn og avløp og i nærleik av tilkomstveg.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Medverknad

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen meiner medverknad frå born og unge er fråverande, noko som er i strid med rikspolitiske retningslinjer og plan- og bygningslova. Medverknaden frå råka partar generelt er ikkje reell, og synspunkt har ikkje påverka innhaldet i planen, noko som gjer prosessen ugyldig.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heltids og Deltidsinnbyggere tilknyttet Stølsli Bustadfelt

Innsender meiner at prosessen ikkje har sikra reell medverknad frå råka partar.

Vurdering

I 2024 vart det gjennomført ei kartlegging av nærmiljøkvalitetar på Beitostølen for alle med fritidsbustad og bustad i kommunen. Gjennom undersøkinga fekk born og unge moglegheit til å fortelje kva som er viktig for dei i høve til nærmiljøkvalitetar og kor dei oppheld seg. Spørjeundersøkinga var nettbasert, og det var mogleg å nytte både mobil, nettbrett og PC. Undersøkinga skulle få fram følgjande:

- kven som nyttar området (born, unge eller vaksne)
- om dei er fastbuande eller deltidssinnbyggjarar
- kva området vert nytta til (til dømes tur, sykling, ski eller leik)

- korleis området er tilrettelagt for bruk (til dømes merking av stigar eller løyper)
- om det er spesielle attraksjonar i området.

Til samanlikning med resten av kommunen, var det lite innspel som dreia seg om dette området konkret. Av totalt 423 innspel var det 5 innspel som gjekk på dette området, og innspela kom frå fastbuande. For born og unge kom det fram at området vart nytta til tur og leik i skogen etter skuletid og i helgene. Kommunedirektøren vurderer at ei utbygging av Liahaugstølen ikkje vil fjerne moglegheita til uteaktivitet i nærområdet for born og unge. Det vil framleis vera god tilgang på nærområde for leik og turar m.v. for born og unge, både for fastbuande og for deltidsinnbyggjarar. Kommunedirektøren meiner at kravet til medverknad i denne saka er oppfylt, gjennom nærområdekartlegginga og gjennom høyringsprosessane.

Kommunedirektøren understrekar at alle partar har fått moglegheit til å uttale seg gjennom dei ordinære høyringsprosessane som har vore. I reguleringsplansaker er det til tider sterke interessemotsetnader. Ingen har krav på få ei reguleringsplan vedteken. Og ingen har krav på å få den nekta, sjølv om ein er sterkt ueinig. Alle har rett til å bære fram sine argument og kjempe for dei. Til sist er det kommunestyret som er gjeve mynde til å ta stilling til om planen skal bli vedteke og innhaldet i planen. Kommunedirektøren har vurdert alle innkomne innspel, og kome til at det forslaget som no ligg føre kan verte lagt fram for vedtak.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Konsekvensutgreiing

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av Heiltids- og deltidsinnbyggjarar tilknytt Stølslie Bustadfelt

Innsender meiner konsekvensutgreiinga som følgjer planforslaget er mangelfull og metodisk feil. Nullalternativet er definert som ein hypotetisk utbygging basert på ein gamal kommunedelplan frå 2011, som gjev misvisande vurderingar, særleg for beitebruk.

Innbyggjarane meiner planforslaget bør avvistas. Dersom det skal bli handsama vidare må det bli utarbeidd ein ny heilskapleg konsekvensutgreiing som dekker alle manglar, vurderer reelle alternativ, og sikrar genuin medverknad frå lokalbefolkning, grunneigarar, born og interesseorganisasjonar. Området sin verdi i form av natur, beite og bumiljø er viktigare å vareta enn å legge til rette for fleire hytter.

JP 25/13092 – Støsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølslie, Deltidsinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innspelet byggjer her på at dei meiner konsekvensutgreiinga er mangelfull ved at konsekvensane ikkje er vurdert opp mot reelt nullalternativ etter forskrift om konsekvensutgreiingar § 20, og at den også er mangelfull på temaet naturmangfald i forhold til den kartlegginga som no er gjort i området.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Lie uttrykker motstand mot utbyggingsplanane, og grunngjev dette med mangelfull konsekvensutgreiing.

Vurdering

Rettleiaren om konsekvensutgreiing seier følgjande: *«Det er altså et krav at det i konsekvensutredningen skal redegjøres for de alternativene som forslagstiller har vurdert å løse for å ivareta det konkrete planproblemet eller tiltaket. Forskriften stiller imidlertid ikke krav om at alternativer i betydning alternative planforslag eller alternative løsninger, skal utredes fullt ut. Det vil være ansvarlig myndighet som i innledende fase av planleggingen, for*

eksempel ved fastsetting av planprogrammet, tar stilling til om det foreligger relevante og realistiske alternativer som skal konsekvensutredes fullt ut».

Det er gjennom planprogrammet vedteke kva som skal vere null-alternativet i konsekvensutgreinga (sak 51/21). Planprogrammet vart høyrte til statlege myndigheiter før vedtak. Planprogrammet seier at «konsekvensene blir målt i forhold til 0-alternativet, som er utbygging av fritidsbebyggelse innenfor området H1 i henhold til gjeldende kommunedelplan». Konsekvensutgreinga er såleis i samsvar med det som er fastsett, og kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er feil bruk i null-alternativet. Å vurdere området opp mot eit LNFR-areal er ikkje eit krav i vedteke planprogrammet. Vurderinga av planen i sin heilheit og vurdering av innkomne merknadar tek stilling til LNFR-tematikk, knytt til blant anna friluftsliv, beitebruk og naturmangfald.

Etter forskrift om konsekvensutgreiing er planforslaget utgreiingspliktig fordi det inneber ei omfordeling mellom område avsett til fritidsbusetnad og friområde og fordi planen legg opp til ei fortetting. Kommunedirektøren peikar på at planforslaget i hovudsak er i tråd med gjeldande overordna føringar. For planområdet gjeld kommunedelplan for Beitostølsområdet, og dette formålet er vidareført i revideringa av kommuneplanen sin arealdel. Området avsett til framtidig fritidsbusetnad og reguleringsplanforslaget er med det i samsvar med intensjonane for området. Grad av utnytting vil auke, men dette er i tråd med nasjonale føringar knytt til fortetting og høg utnytting.



Figur 4: Øvst frå venstre: Reguleringsplanforslag

Figur 5. Øvst til høgre: Kommunedelplan for Beitostølsområdet (vidareført i revidert KPA)

Figur 6. Nedst: Gjeldande reguleringsplan, Del av Lien sameige (B.32).

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Lovar og reglar, Statlege planretningslinjer og kommunale mål

JP 25/12905 – Frank Evertsen på vegne av sin husstand

Evertsen meiner planforslaget ikkje lovleg kan bli vedteke i sin noverande form, då forslaget inneheld omfattande manglar og lovbrøt. Eit eventuelt vedtak vil vere rettsstridig og sannsynlegvis vil det bli oppheva. Innspelet framhevar at dei same manglane som førte til opphevinga i 2024 framleis er til stade, og at nye feil er komen til. Kommunen har ikkje retta opp Statsforvaltarens tidlegare merknadar og slutningsgrunnlaget er framleis uforsvarleg.

Det vert peika på grove brøt på utgreiingsplikta etter plan- og bygningslova og forvaltningslova.

JP 25/13092 – Støsegarar på Heimre Hedalsstølen, Fastbuande i Stølslie, Deltidsinnbyggjarar i og ved planområdet for Liahaugstølen, Beitostølen Hytteforening og Ole og Hedalen Vel

Innsendarane meiner planforslaget ikkje kan verte vedteke i sin noverande form, då det ikkje er vurdert etter nye statlege planretningslinjer, og at det er eit brøt på utgreiingsplikta. Dei syner også til manglande vurderingar i konsekvensutgreiinga, manglande vurdering av null-alternativ, og val av område.

JP 25/13211 – Statsforvaltaren Innlandet

Statsforvaltaren understrekar at kommunen må sikre at planlegginga følgjer gjeldande nasjonale forventningar, då det etter høyring i 2023 har kome nye føringar. Dei syner til «forventningar til regional og kommunal planlegging» frå juni 2023, nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, og nye statlege planretningslinjer for klima og energi.

JP 25/12624 – Catharina Thorenfeldt (CMS-Kluge) på vegne av Øvre Lien vel

Innsendar konkluderer med at dei oppdaterte plandokumenta ikkje imøtekjem tidlegare merknadar, og ber kommunen avvise forslaget. Innspelet syner mellom anna til nye statlege planretningslinjer og kommunen sitt mål om «Rein naturglede», og meiner at massiv utbygging i fjellgrensa ikkje kan forsvarast. Kluge konkluderer med at dei reviderte planane ikkje løyser merknadane til Statsforvaltaren i deira vedtak om oppheving av planen, frå 2024. Innspelet uttrykker sterk motstand mot planforslaget, og dei ber kommunen stoppe utbygginga, som dei meiner er i strid med nasjonale føringar, lokale mål, og omsynet til natur, friluftsliv og trafikksikkerheit. Dei syner også til innspel gjeve då planen var på høyring 2023, og klaga innsendt i samband med klage på planvedtaket i 2024.

JP 25/13050 – Grete Winger på vegne av heiltids- og deltidssinnbyggjarar tilknytt Stølslie Bustadfelt

Winger på vegne av fleire meiner utbygginga er i strid med nasjonale føringar om å unngå nedbygging av myr og mot statlege planretningslinjer for klima, energi og arealbruk. Planen er ikkje i tråd med dagens nasjonale krav til berekraftig arealutnytting. Områdets verdi i form av natur, beite og bumiljø er viktigare å vareta enn å legge til rette for fleire hytter.

JP 25/13053 – Trond A. Lie

Lie uttrykker motstand mot utbyggingsplanane, og grunngjev dette med mellom anna brøt på relevant lovverk og nasjonale føringar, og risiko for natur- og klimaskadar. Kommunen har

heller ikkje følgd opp Statsforvaltaren sitt opphevingsvedtak frå 2024, som peika på manglar i utgreiningar og grunngeving for reguleringa. Lie uttrykkjer mistillit til kommunens handsaming, som han meiner har vore prega av selektiv informasjon og nær tilknytning til utbyggingsinteresser. Han fryktar ny klageomgang, og påpeikar at prosjektet har vore ei psykisk belastning for naboar og stølsbrukarar. Lie oppmodar kommunen til å skrinleggje utbygginga, som han beskriv som unødvendig, natur-, klima- og landbruksfiendtleg. Han meiner Statsforvaltarens vedtak gjev kommunen ei moglegheit til å stoppe prosjektet utan erstatningskrav frå utbyggjar.

JP 25/13091 – Fjellgrensenettverket Valdres

Innspelet syner til statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, og klima og energi, som krev at fortetningspotensialet skal verte utnytta før nye område vert bygd ut, og at fritidsbustader ikkje skal bli anlagt på myr eler over skoggrensa. Planlegging skal redusere nedbygging av viktige naturareal, og unngå omdisponering av karbonrike areal som myr og våtmark. Det bør bli utarbeidd areal- og naturrekneskap som del av kunnskapsgrunnlaget. Nettverket konkludera med at detaljreguleringa av Liahaugstølen vil innebere nye inngrep i eit område som allereie har stort utbyggingspress, og at planforslaget må bli avslått for å ivareta natur, klima og lokalsamfunn.

Vurdering:

Statlege planretningslinjer for klima og energi krev at planlegginga vektlegg samanhangen mellom klimagassutslepp, karbonopptak og lagring og klimatilpassing. Dette inneber at karbonrike areal i og nær planområdet skal bli vurdert særskilt og at klimagassverknader av massehandtering, drenering og eventuell nedbygging skal verte gjort greie for. Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet slår fast at areal er ein knapp ressurs, og at fortetting, transformasjon og gjenbruk skal vere hovudstrategien før nye naturområde blir bygde ned, også for fritidsbustader. Desse retningslinjene blir lagde til grunn for avgrensing av byggeområde og for utforminga av juridisk bindande føresegnar og rekkjefølgjekrav, og dei blir supplerte av Nasjonale forventningar 2023–2027, som understrekar kunnskapsbasert planlegging, arealrekneskap og vurdering av sumverknader. Kommunedirektøren syner til vurdering og tilrådde tillegg i reguleringsføresegn, under «Naturmangfald og klima»

I følgje dei nye statlege planretningslinjene heiter det at ein ikkje bør regulere nye område dersom det er store tomtereserve i tilgrensande planar. Dette er grunngeve med generelle prinsipp som blant anna arealeffektiv utbygging. Dersom tilgrensa område ikkje er egna for ytterlegare fortetting, til dømes ved manglande infrastruktur, kan kommunen gå vidare med å regulere nye område. I tilgrensande reguleringsplanar er det noko tomtereserve. Her er det utfordringar knytt til infrastruktur som må bli klarlagt før ein skal kunne utnytte området, og området har difor stått delvis ubygd i lang tid. Kommunedirektøren meiner at regulering av Liahaugstølen ikkje vil vere i strid med planretningslinjene på dette punktet.

Kommunedirektøren er ikkje samd i at denne utbygginga vil vere ein satellitt i landskapet. Reguleringsplanen legg opp til ei fortetting i eksisterande hytteområde, og ei utviding i randsoner. Dette er etter kommunedirektøren sin vurdering i tråd med planretningslinjene, då dei legg opp til at ein skal ha høg utnytting for å legge beslag på mindre areal.

Tilråding: Innspel om at planforslaget skal verte avvist, vert ikkje teke til følgje. Elles vert innspela teke til vitande.

Oppsummering og konklusjon

Det er etter høyringa gjort enkelte endringar i planføresegnene, der det er innarbeidd rekkjefølgjekrav om opparbeiding av veg, sikring av overvasshandtering og krav om å unngå drenering av myrområde. Endringane inneber skjerpa krav for tiltakshavar, men medfører ikkje nye eller forverra ulemper for naboar eller andre råka interesser.

Departementet legg til grunn at ny høyring berre er nødvendig dersom endringar i planforslaget er av ein slik karakter at omsynet til medverknad tilseier det, særleg ved endringar som påverkar plankart eller planføresegnar på ein måte som endrar føresetnadene

for råka partar. Dersom endringane ikkje har betydning for andre enn tiltakshavar, er det normalt ikkje krav om ny høyring.

I planbeskrivinga som låg til grunn for høyringa, vart det opplyst at veg gjennom eksisterande hytteområde skulle bli nytta og/eller bli oppgradert som del av planforslaget. At dette no er gjort juridisk bindande gjennom rekkefølgekrav, inneber ei presisering og sikrar gjennomføring av eit tiltak som høyringspartane allereie var kjend med. Endringa inneber ikkje nye eller utvida konsekvensar for eksisterande hytteområde utover det som var omtalt i høyringsgrunnlaget.

Sivilombudet har i si praksis lagt vekt på at ny høyring er nødvendig dersom endringar endrar dei faktiske føresetnadene for råka interesser på ein måte som ikkje var kjent under høyringa. I denne saka er føresetnadene uendra, då tiltaket allereie var omtalt i planbeskrivinga.

På denne bakgrunn vurderer administrasjonen at endringane ikkje utløyer krav om ny høyring eller avgrensa høyring. Endringane kan dermed bli lagt til grunn ved endeleg vedtak av reguleringsplanen.

Kommunedirektøren tilrår at detaljregulering for Liahaugstølen vert vedteken med dei endringane som er tilrådd. Tilrådde endringar er lagt inn i oppdaterte reguleringsføresegner, markert i gult.

Formannskapet 23.04.2026:

Behandling:

Bente Oxhovd opplyste at ho har vore inhabil i saka før, og bad om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann Bente Oxhovd inhabil i saka. Gunnar Thue møtte som vararepresentant.

Kommunedirektøren la fram følgjande justert ordlyd i føresegnene punkt 0.1.1:

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor **FBK 1-3** skal **tilkomstvegane fKV2 fram til fKV3, fKV3, fKV5 og fKV6** utbetrast med ei køyrebreidde på 4 meter og tilhøyrande grøfteareal, i samsvar med handbok N1.
Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for fritidsbustader innanfor **FBK 1-3**, skal

Formannskapet slutta seg til denne presiseringa av føresegnene.

Det vart røyste over tilrådinga. Tilrådinga fekk 3 røyster (Ap, H).

FS- 21/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildring dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Kommunestyret 07.05.2026:

Behandling:

Bente Oxhovd opplyste at ho har vore inhabil ved handsaming av saka før, og bad kommunestyre vurdere hennar habilitet. Kommunestyre fann Bente Oxhovd inhabil i saka. Ingun Ø. Renna møtte som vararepresentant.

Mats G. Myhre la fram følgjande forslag til endring av føresegnene (*Endringer i kursiv*):

0.1.5 Handtering av overvatn

Rapport 12700 «RAPPORT Flomfarevurdering og overvannsberegning for utbyggingsområde Liahaugstølen» og notat «Supplerende flom- og overvannsberegninger – Liahaugstølen» skal leggjast til grunn ved handtering av overvatn for FBK1-3 og bygging av nye vegar. Seinast ved søknad om igangsetjingsløyve for tiltak i FBK1-3 skal infiltrasjonsgrøft vere etablert, jf. rapporten.

Overvasshandteringa skal utformast slik at naturleg tilsig av vatn til myrene i H560_1 og H560_2 blir oppretthaldne. Infiltrasjonsgrøft, stikkrenner og andre tiltak skal ha overløp, fordelingsløyving eller tilsvarande som sikrar dette.

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltak i FBK1-3 skal det liggje føre ei supplerande hydrologisk vurdering som dokumenterer påverknaden på myrene i H560_1 og H560_2, og som syner korleis naturleg tilsig av vatn til myrene blir sikra. Vurderinga skal vere godkjend av kommunen.

Seinast ved søknad om igangsetjingsløyve for tiltak i FBK1-3 skal alle stikkrenner nedstraums oppgraderast til innvendig dimensjon på 1000 mm.

Øystre Slidre kommune tillèt ikkje å leie overvatn til kommunalt leidningsnett. Nye utbyggingstiltak skal ha lokal handtering av overvatn. Løysing for handtering av overvatn i planområdet skal vere omtalt og dokumentert i samband med teknisk plan/prosjektering av veg, vatn og avlaup.

1.3 Grøntstruktur og overvatn

Grøntstruktur skal i størst mogleg grad takast vare på og utviklast for eit godt og attraktive bumiljø, sikre biologisk mangold, vassvegar og magasin for fordrøyning av vatn.

I FBK1-3 skal tiltak planleggjast og utførast slik at dei hydrologiske tilhøva i og til myrene innanfor omsynsone H560_1 og H560_2 i størst mogleg grad blir oppretthaldne. Naturleg tilsig av vatn til myrene skal sikrast.

5.2 Omsynssone – bevaring naturmiljø (H560)

Det er ikkje tillate med tiltak som graving eller anna byggetiltak i omsynsone bevaring.

Tiltak utanfor omsynsona som kan påverke hydrologien til myrene innanfor sona, skal utformast slik at vassbalansen i myrene blir oppretthaldne, jf. pkt. 1.3 og 0.1.5.

One G. Enerud bad om gruppemøte.

One G. Enerud la fram følgjande forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å ikkje godkjenne detaljregulering for Liahaugstølen (planID 202007).

2. Vedtaket er grunngeve med:

Omsyn til landbruk og beiteområde er ikkje godt nok ivareteke.

Naturmangfaldet er ikkje tilstrekkeleg sikra, trass nye funn av raudlista naturtypar og artar.

Overvasshandtering og nedstraums kapasitet er framleis uavklart.

Forslaget frå Mats G. Myhre fekk 5 røyster (Sv, V) og fall.

Forslaget frå One G. Enerud fekk 6 røyster (Sv, V, Sp) og fall.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 15 røyster (Ap, H, Sp).

KS- 26/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek detaljregulering for Liahaugstølen slik det går fram av vedlagte føresegner dagset 10.04.2026, plankart, og planskildring dagsett 23.01.2026. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.